



Uskedelinger på laget i kveld: Ingebjørg Haugland, Gøril Samland Eik, Anita Simensen, Reidun Musland og Anette Sandnes.

**Det vart ein knallopning i 4. divisjon med 7-2 for Rosendal-laget over Bergenslaget Minde på kunstgraset i kveld.**

**Heimelaget var raskare på ballen og det var aldri tvil om at mange mål ville trille inn bak Minde-keeperen. 3 av måla vart scora av uskedelinger, som denne gongen hadde 5 med på laget.**



7 gonger måtte Minde-keeperen ta denne turen i kveld

Dei var Anette Sandnes, Gøril Samland Eik, Anita Simensen, Reidun Musland og Ingebjørg Haugland. Også Kathrine Yri Røssland, Kari Bråtun og Anne Marthe Zimmer er med i stallen til trenarane Magne Skår og Yngve Bryn. Dei har all grunn til å vera fornøgde også med uskedelingane og må ha lagt bak seg ei grundig førebuing av laget framfor sesongen.

Ingebjørg (16) skulle debutere i dameserien og sat i utgangspunktet på innbytтарbenken.

Men ho slapp til i 2. omgang og kvitterte like godt med å setta inn 2 mål. Sjølv om ho ikkje kom opp mot den enda meir talentfulle spiss Hildegunn Guddal (som netta 3 gonger) var multitalentet frå Uskedalen eitt permanent trugsmål mot bergensarane så lenge ho var utpå. Også Gøril sette inn eitt mål.

Også Ingebjørg sin faste, lokale konkurrent Kari Bråtun hadde sikkert vore med i kampen, om ho ikkje hadde vore ute i eitt enda viktigare oppdrag. Ho var faktisk i kamp for heile Sunnhordland i helga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen